

Forslaget viser kulturskilnadene

**Forslaget om å trekke Ulstein kommune ut av Landbrukskontoret er ikkje fornuftig no. Dei leflar med eit godt fagmiljøet og ei god, samanhengande forvaltning, meiner Kristian Fuglseth i Folkelista på Hareid.**

– Det strir mot dei andre kommunene si vilje, mot tilsette sine råd og for ikkje å snakke om næringane. Skog, landskap, vilt og landbruk har hatt svært godt av ei felles forvaltning på ytre.

### **Kulturskilnader**

– Det er merkeleg at dette forslaget kjem no før politikarane vert bedne om å snakke om kommunereform. Reforma skulle då betre tenester gjennom samarbeid, eller er det berre på andre område? – Nei, dette viser tydeleg kulturskilnadene.

Det er døme på utfordringar som vi skal ta på alvor. Her ser ein korleis Ulsteinvik sine interesser vert sett opp mot resten av kommunene, men også mot Ulstein kommune som heilheit, seier han.

– Er dette ein forsmak på korleis prioriteringane blir i andre offentlege tenester vi kanskje skal samarbeide om i framtida, spør Fuglseth?

– Vi har vertskommuneordning på mange andre tenesteområder. Det er kanskje ei betre løysing enn IKS-styre, men å setje tenestene opp mot kvarandre slik som det vert diskutert her, er ikkje smart.